

Brukarkonto Student-IT

Alle dei nye studentane som tek tilbodet om studieplass hjå Universitetet i Tromsø (UiT) får ein brukarkonto hjå UiT. Nye studentar må gjere deira brukarkonto verksam før dei får full tilgang til tenestene som UiT har.

Brukarkontoen gjer tilgang til: E-postkonto, eige heimeområde med ein lagringsplass på opp til 500 MB (inkluderar e-post), UiT nettverk og einingar, IT-tenester hjå UiT, mjukvare, parkeringskort hjå UiT, og nettilgang frå Student-samskipnaden (SiTø) sine bustadar.

Studentar kan sjøl greie med sin brukarkonto (skifte passord, sende e-post vidare) på nettstaden <https://profil.uit.no/bruker>

Brukarkontoen er verksam medan brukaren er ein registrert student hjå UiT.

E-post

Alle studentane har ei e-postadresse. E-postadressa er på formen abc123@post.uit.no. Les e-post på nettsida <http://webmail.uit.no>

E-post er den offisielle informasjonskanalen hjå Universitetet i Tromsø. Studentar skal lese e-post sendt til si e-postadresse.

Fronter UiT

Fronter er eit nettbasert system som nyttast i undervisninga hjå UiT. Ein nettlesar kan gje tilgang til virtuelle klasserom i Fronter. Noko av læringa går føre seg i Fronter.

For å kunne bruke Fronter, må ein ha registrert seg til eksamen i faget på Studentweb, og må ha godteke utdanningsplanen.

Gjere brukarkonto verksam

Nye studentar kan gjere sin brukarkonto verksam på nettstaden <https://profil.uit.no/user/activate/?lang=no>

Om du gjer din brukarkonto verksam, må du òg godta Retningslinjer for bruk av IT-ressurser ved UiT. Desse kan ein lese heilt ut før ein gjer sin brukarkonto verksam.

For å gjere din brukarkonto verksam må du ha fødsels- og personnummeret ditt (11 tal) og ein PIN kode (4 tal). PIN koden kan ein finne på informasjon som ein har fått hjå Universitetet i Tromsø, til dømes giroen for semesteravgifta. Om du ikkje finn PIN koden din, kan du få ein ny om du tek kontakt med Studentekspedisjonen på telefon 776 44960 (mandag – fredag 09:00 – 15:00).

Studentar som ikkje har eit norsk personnummer trong eit brukarnamn og ein kode for å gjere sin konto verksam. Koden kan ein finne på informasjon utdelt tidlegare. Spørsmål om koden kan rettast til Seksjon for internasjonali-sering, Avdeling for utdanning via e-post international@uit.no

Om du får beskjed om at brukarkontoen din allerede er gjort verksam, bør du ta kontakt med Orakelet.

Eit **brukarnamn** er tre bokstavar og tre tal, på formen abc123. Brukarnamn er automatisk laga, og blir ikkje endra.

Ein kan få nytt **kjenneord** til brukarkontoen sin som ein SMS (berre norsk mobil registrert på eigar av brukarkontoen), over telefon, eller om ein møter hos Orakelet og kan vise gyldig legitimasjon.

Ikkje gje kjenneordet ditt til nokon andre!

PC-stuer på universitetsområdet

Det er fleire datamaskinstuer på universitetet. For å kunne logge seg på datamaskinene må ein ha ein verksam brukarkonto hjå UiT.

Trådløstnettverk hjå UiT (Eduroam)

Universitetet i Tromsø er med i Eduroam-eininga. Denne eininga gjer det mogleg å få trådløst nett hjå alle dei som er med i eininga. Desse einingane er spreidd over heile kloden. Ein må være tilknyttta Eduroam for å kunne gjere nytte av interne nettsider hjå UiT, mellom anna Universitetsbiblioteket sine e-ressursar.

Ein kan finne tospråklege (bokmål og engelsk) brukerrett-leiingar i PDF for tilknytting til Eduroam, sjå òg <http://uit.no/orakel/eduroam>

VPN portal for UiT / Sikker tilknytting til UiT

VPN portalen er ein nettportal der studentar kan tilknytte seg UiT sine tenester frå ein privat datamaskin på eit anna nettverk.

Logg på nettsida <https://vpn.uit.no>. Hugs å velje eininga "Students/Guests". Det nye adressefeltet gjer tilgang til Universitetsbiblioteket sine e-ressursar. Om ein ynskjer ein full VPN klient, kan ein finne VPN klienten *AnyConnect* i menyen til venstre.

Programvare distribuert av UiT

UiT distribuerer programvare til sine studenter gjennom nettsida <https://profil.uit.no/liereg/>

Programvare kan kun nyttast på maskinar ått av UiT studentar. Det er ikkje tillatt å gje programvara vidare. Programvara skal fjernast om ein ikkje er aktiv student hjå UiT.

E-ressursar hjå Universitetsbiblioteket (UB)

UB sine e-ressursar er mellom anna fagbasar, bibliotekbasar, oppslagsverk, og andre publikasjonar. E-ressursane kan finnast gjennom Ofelaš. Ofelaš finn ein på <http://uit.no/ub>

Studentkort (ID-kort)

Studentkort produserast av Studentekspedisjonen. Studentekspedisjonen kan ein nå på telefon 776 44960 (mandag – fredag 09:00 – 15:00).

Studentkortet er også eit lånekort på UB og eit tilgangskort til bygg på universitetsområdet. Studentkort har eit standard tilgangsnivå. For å få utvidet tilgangsnivået, må ein gå til studentekspedisjonen hjå fakultetet ein høyrer til. Om ein har gløymd koden på kortet, kan ein sende ein e-post frå student e-postkontoen sin til ID-kontoret si e-postadresse idkort@uit.no. Hugs å ha "PIN" i emnet.

Tap av Studentkortet seier ein med ein gång i fra om til ID-kontoret, idkort@uit.no

Parkeringskort

Studentar kan søkje om eit parkeringskort på nettsida <https://parkering.uit.no>. Parkeringskontoret kan ein nå på e-postadressa parkering@uit.no.

For at det skal vere mogleg å søkje om eit parkeringskort må ein vere tilknytta UiT nettverket.

Nett på SiTø-bolig

Tilgang til Studentbynettet er for dei som bur i husvære hjå Studentsamskipnaden i Tromsø. For tospråklege (bokmål og engelsk) brukerretleingar i PDF-format for tilknytting til Studentbynettet, sjå òg <http://uit.no/orakel/8021x>

Kontaktinformasjon

Orakelet
Avdeling for IT
Universitetet i Tromsø
9037 TROMSØ

Telefon: 776 44544
E-post: orakel@uit.no
Nettside: <http://uit.no/orakel>



UNIVERSITETET
I TROMSØ UiT

ADMINISTRASJONEN
AVDELING FOR IT

STUDENTBY
VED UNIVERSITETET I TROMSØ



IT-teneste for studentar hjå
Universitetet i Tromsø (UiT)

August 2011